



Johannes Hadler Hopland
Seimsleitet 85
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2476 - 17/25740

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

08.09.2017

Stadfester mottatt klage - gbnr 172/171, 172/14, 172/62 og 172/1 Hopland

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 172/171

Tiltakshavar: Seim Eiendomsutvikling AS

Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 07.09.2017 . Vi tolkar klagen til å vera førebels, basert på telefonsamtale med klagar, der det vart vist til at det skal gjennomførast synfaring mellom Lindås kommune og dei grunneigarane som vert råka som følgje av endra utforming av kryssa til fylkesvegen. Synfaringa skal gjennomførast i starten av oktober.

Frist for supplering av klagen vert sett til 15.10.2017. Dersom klagen vert oppretthaldt og evt. supplert, vert den tatt til vidare handsaming etter dette tidspunktet.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen, jf. forvaltningslova § 33.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen handsama av Plan- og miljøutvalet. Møta vert halde i Nordhordlandshallen og er opne for publikum. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føre til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Med helsing

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Siril Therese Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Innsigelse til dispensasjon vedk utbetring av kryss/avkjørsle Fv 402

Kopi til:

Seim Eiendomsutvikling AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
---------------------------	--------------	------	------

Mottakarar:

Johannes Hadler Hopland	Seimsleitet 85	5912	SEIM
-------------------------	----------------	------	------